




VALLE KOMMUNE
Drift

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo



Vår ref:
2007/207-2

Sakshandsamar:
Ingvar Nes
☎ 37937500
post@valle.kommune.no

Arkiv:
066

Dato:
17.04.2007

Melding om vedtak: Høyring Bibliotekreform 2014

Formannskapet i Valle kommune har handsama høyring til Bibliotekreform 2014, og gjort slikt vedtak:

Målområde 1. Innhald og tenester i Noregsbiblioteket.

1.1 Digitale tenester

Når dei digitale tenestene vert betre utvikla, vil det føre til mindre skilnader på store og små bibliotek. Di meir tilgang til informasjon lånarane våre får via dei digitale tenestene, di betre tenester kan dei lokale biblioteka gje tilbod om. Å ha felles katalogar der vi på same tid kan søkje i alle norske bibliotek vil vere ein stor fordel.

1.5 Kultur- og litteraturformidling

Litteraturformidling er ein viktig del av arbeidet for alle bibliotek, både store og små, og det må vidareførast. Samarbeidet med "den kulturelle skulesekken" varierer mykje, men det er viktig at biblioteka finn plassen sin i dette opplegget. Små, lokale bibliotek har ein fordel med god kontakt med skulane (brukarane).

Alle framlegg som gjeld satsing på lokalhistorie støttar vi opp om. Likeins framlegga under 1.6 **Kulturelt mangfald** og 1.7 **Fengselsbibliotek** støttar vi.

Målområde 2. Struktur og organisering.

2.1 Styrkje og utvikle dei organisatoriske einingane i Noregsbiblioteket.

Valle kommune er skeptiske til den såkalla konsolideringstanken. Ikkje ein gong i heile Setesdal har biblioteka så mange årsverk tilsaman at vi fyller kravet til 6-8 årsverk. Vi meiner at eit alternativ må vere betre samarbeid mellom biblioteka i regionen, og at fylkesbiblioteket, for oss Aust-Agder bibliotek og kulturformidling, vert styrkt som vårt kompetansesenter, i staden for å lage endå eit administrativt mellomledd.

Fylkesbiblioteket kunne få ei større rolle i å reise rundt og hjelpe til med spesielle bibliotekfaglege ting som dei lokale biblioteka manglar kompetanse på. Dei lokale biblioteksjefane må framleis få tilbod om kurs og oppdatering av sine fylkesbibliotek.

I små bibliotek har vi svært god kontakt med brukarane, og vi kjenner deira behov og ynskje, og vi yter god service. Dersom vi t.d. skal sentralisere bokinnkjøpa, vil det ta lengre tid og øydeleggje den fordelene vi har med raske kjøp av dei bøkene som lånarane ynskjer seg.

2.2 Vidareutvikling av det fysiske biblioteket.

Valle kommune vil gjerne ha gjenoppretta tilskota til nybygg og ombygging av biblioteklokale. Men dersom desse tilskota skal knytast opp mot konsoliderte bibliotek, så står det i motsetnad til utsegna om at biblioteket skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunnet. Vi meiner at å oppretthalde gode lokale bibliotek er ein styrke i seg sjølv.

Fagleg utvikling og ekspertise på ulike område vil vi sjølvsagt ynskje velkomne, men ikkje om det går utover den nære kontakten med publikum.


2.3 Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Noregsbibliotek.

Det er viktig at vi har eit felles biblioteknettverk, der vi framstår som ei eining, og at vi profilerer oss som ei felles merkevare med ein felles logo. Logoen må vere språkneøytral.

Lokalt kan ein samarbeide om å byggje opp fagboksamlingar der dei ulike biblioteka i ein region spesialiserer seg på kvar sine fagfelt. Dette vil vere ein betre måte å utnytte ressursane på enn å ha eit stort bibliotek i regionen.

Med felles lånekort for heile landet og betre transportordningar enn i dag vil vi i framtida kunne yte endå betre service.

Med helsing



Ingvar Nes
Driftssjef